



SAKSFRAMLEGG

Oppstart - Planstrategi 2024 - 2027

Utvallasak	Utvål	Møtedato
9/24	Formannskapet	23.01.2024

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunedirektøren sitt framlegg til oppstart, organisering og framdrift av arbeidet med kommunal planstrategi vert vedteke slik det ligg føre. Oppstart vert kunngjort og Statsforvaltar i Vestland, Vestland fylkeskommune og nabokommunar vert varsle.

Handsaming i Formannskapet - 23.01.2024:

Avstemning:

Innstilling:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunedirektøren sitt framlegg til oppstart, organisering og framdrift av arbeidet med kommunal planstrategi vert vedteke slik det ligg føre. Oppstart vert kunngjort og Statsforvaltar i Vestland, Vestland fylkeskommune og nabokommunar vert varsle.

For forslaget stemte 7: Lisa Natalie Johnsen Lunde (AP), Thor Andersen (AP), Boris Groth (FrP), Amalie Johnsen Lunde (H), Arve Martin Rødland (INP), Hege Eide Vik (Sp), Kjartan Haugsnes (SV)

Dermed er innstillingen vedtatt.

Vedtak i Formannskapet - 23.01.2024:

Kommunedirektøren sitt framlegg til oppstart, organisering og framdrift av arbeidet med kommunal planstrategi vert vedteke slik det ligg føre. Oppstart vert kunngjort og Statsforvaltar i Vestland, Vestland fylkeskommune og nabokommunar vert varsle.

Protokollmerknad:

Merknad frå Sp, Ap og SV:

Viser til budsjettvedtak i Vaksdal kommune 2024 (PS 87/23) som mellom anna inneheld desse to punkta:

8. Ny temaplan – Rusmiddelplan

Kommunestyret ber administrasjonen om å setja i gong arbeidet med å skipa ein ny rusmiddelplan for Vaksdal kommune i 2024, jfr. PS 104/2020

9. Ny temaplan – Likestilling.

Kommunestyret ber administrasjonen om å setja i gong arbeidet med å skipa ein likestillingsplan for Vaksdal kommune i 2024, jfr. PS 104/2020.

Saksopplysningar

Samandrag/kort om saka

Kommunen har etter plan- og bygningslova (pbl) § 10-1 plikt til å utarbeide communal planstrategi minst ein gong i kvar valperiode og denne må vera vedteken seinast eitt år etter at kommunestyret er konstituert. Dette gjev det nye kommunestyret moglegheit til å vurdere og ta stilling til kva planoppgåver som er viktige å arbeide med i kommunestyreperioden.

Kommunedirektøren har utarbeidd eit framlegg til oppstart, organisering og framdrift av arbeidet med planstrategien.

Saka gjeldt handsaming av oppstart av arbeid med Vaksdal kommune sin planstrategi for perioden 2024 – 2027.

Bakgrunn for saka

Kommunal planstrategi

Kommunal planstrategi er ein strategisk veging av kva planar og utgreiingar kommunestyret vil ha for å møte kommunen sine utfordringar. Planstrategien er ikkje ein plan, men eit verktøy for politisk prioritering av planoppgåver.

Plan- og bygningslova (PBL) § 10-1 legg føringane for arbeidet med communal planstrategi.


Kommunestyret skal minst én gang i hver valgperiode, og senest innen ett år etter konstituering, utarbeide og vedta en communal planstrategi. Planstrategien bør omfatte en drøfting av kommunens strategiske valg knyttet til samfunnsutvikling, herunder langsiktig arealbruk, miljøutfordringer, sektorenes virksomhet og en vurdering av kommunens planbehov i valgperioden.

Kommunen skal i arbeidet med communal planstrategi innhente synspunkter fra statlige og regionale organer og nabokommuner. Kommunen bør også legge opp til bred medvirkning og allmenn debatt som grunnlag for behandlingen. Forslag til vedtak i kommunestyret skal gjøres offentlig minst 30 dager før kommunestyrets behandling.

Ved behandlingen skal kommunestyret ta stilling til om gjeldende kommuneplan eller deler av denne skal revideres, eller om planen skal videreføres uten endringer.

Kommunestyret kan herunder ta stilling til om det er behov for å igangsette arbeid

med nye arealplaner i valgperioden, eller om gjeldende planer bør revideres eller oppheves.



Figuren over syner plansystemet. Øvst i planhierarkiet ligg kommuneplanen med arealdel og samfunnsdel. Kommuneplanen legg overordna strategiar og føringar for utviklinga av kommunen. Under ligg kommunedelplanar, temaplanar, og reguleringsplanar. Dette er planar av forskjellig detaljeringsgrad som skal byggje opp om kommuneplanen, og som inneheldt forskjellige typar strategisk utdjuping, delmål og tiltak. Kva tiltak som skal bli gjennomført vert prioritert i handlingsdelen med økonomiplan, som vert rullert årleg. Kommunal planstrategi, merka raudt, er fyrste ledd i kommunen sitt plansystem.

Vaksdal kommune sin planstrategi for perioden 2020 – 2023 vart vedteken i desember 2020. Denne ligg vedlagt.

Det er viktig at planstrategien er behovsstyrta og ikkje vert gjort meir omfattande enn naudsynt. Planstrategien er ikkje formelt bindande.

Vidare føl Kommunedirektøren sitt framlegg til oppstart, organisering og framdrift av arbeidet med planstrategien.

Kunnskapsgrunnlag

Kommunal planstrategi er ein strategisk veging av kva planar og utgreiingar kommunestyret vil starte opp eller vidareføre for å møte kommunen sine utfordringar. Ei sentral oppgåve i

vurderinga av planbehovet å drøfta utviklingstrekk i kommunen som samfunn og organisasjon. Det er difor viktig med eit godt kunnskapsgrunnlag over stoda i kommunen.

Administrasjonen vil utarbeida *kunnskapsgrunnlag for Vaksdal kommune sin planstrategi*. Kunnskapsgrunnlaget vil bli lagt fram til politisk verkstad.

Folkehelseoversyn for Vaksdal kommune vert revidert og vil vere eit viktig grunnlagsdokument.

Statistikk og framskrivingar, gjennomførte medverknadsprosessar, økonomiplan og andre planar som er utarbeidd dei siste åra vil og bli nytta som kunnskapsgrunnlag.


Arbeidet med planstrategien vil og ta utgangspunkt i regionale og nasjonale føringar. Regjeringa har nyleg utarbeidd *Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging* som skal bli følgt opp i arbeidet med planstrategiar og planar i fylkeskommunane og kommunane. Denne er vedlagt. I vedlegget *Kommunal planstrategi – synspunkt frå Vestland fylkeskommune* gjev fylkeskommunen tidleg innspel og grunnlag for kommunane sitt arbeid med kommunal planstrategi.

Prosess og organisering

Formannskap- plan og økonomiutvalet (FPØ) er planutval i kommunen og har mynde til å vedta oppstart av arbeid, og å leggja utkast ut til høyring og offentleg ettersyn.

Kommunestyret har vedtaksmynne til å godkjenne planstrategien.

Figuren under syner framdrifta for arbeidet med kommunal planstrategi.



Vedtak om oppstart av arbeid med kommunal planstrategi vert gjort i januar. Oppstart vert kunngjort digitalt og i lokalavisa, og varsel vert sendt til nabokommunar, Statsforvaltar og Vestland fylkeskommune. I fyrste del av 2024 vil administrasjonen utarbeida kunnskapsgrunnlag og evaluera dagens planverk. Kunnskapsgrunnlag og evaluering vil bli lagt fram og diskutert i ein politisk verkstad. Administrasjonen tar med seg resultata frå verkstaden og samanfattar eit høyringsutkast som vil bli lagt fram for politisk handsaming sommaren 2024. Etter vedtak vil utkast bli lagt på høyring og offentleg ettersyn. I høyringsperioden vil andre råd og utval bli orientert. Kommunal planstrategi vert til slutt lagt fram for vedtak i kommunestyret, hausten 2024.

Medverknad

Plan- og bygningslova set krav om medverknad i samband med arbeidet med planstrategien. Kommunen skal innhente synspunkt frå statlege og regionale organ og nabokommunar, og forslag til kommunal planstrategi skal bli gjort offentleg minst 30 dagar før handsaming (vedtak) i kommunestyret.

Lova set ingen krav til- men rår kommunen til å leggje opp til brei medverknad og allmenn debatt som grunnlag for handsaminga. Den kommunale planstrategien er ikkje ein plan, men ein plan for planlegging. Planstrategien er ikkje ein arena for å vedta mål og strategiar, men å drøfte utviklingstrekk i kommunen som samfunn og organisasjon for å vurdere planbehovet i kommunestyreperioden. Det vil difor ikkje bli lagt opp til brei offentleg medverknad.

Kommunen vil legge opp til brei offentleg medverknad i planprosessane som følgjer etter at planstrategien er vedteken, heller enn i arbeidet med sjølve planstrategien. Dette er i tråd med [Veileder for Kommunal planstrategi \(T-1494.pdf\)](#), kap. 2.4. I høyring og varsel om oppstart vil ålmenta ha moglegheit for å komma med innspel.

Det vil bli lagt til rette for politisk medverknad om kommunen sine utfordringar og trong for nye planar. I perioden planstrategien ligg ute til høyring og offentleg ettersyn vil andre råd og utval bli involvert.

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunedirektøren sitt framlegg til oppstart, organisering og framdrift av arbeidet med kommunal planstrategi vert vedteke slik det ligg føre. Oppstart vert kunngjort og Statsforvaltar i Vestland, Vestland fylkeskommune og nabokommunar vert varsle.